

056580102

**FUSA KOMMUNE**
Administrasjonssjefen sin stab

Det Kongelige Kommunal - og Regionaldepartement
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Løpenummer : 006884/06
Arkivkode : 010 &13
Sakshandsamar : Gunn Sissel Teigen
Direktenr. tlf. : 56 58 01 19
Gradering :

EIKELANDSOSEN

27.09.2006

Vår ref.

Saksnr.: 06/00953-004

(Oppgje «vår ref.» når De tek kontakt om saka.)

*Dykkar ref.***VEDK. "HØRINGSNOTAT MED FORSLAG TIL ENDRINGER I VALGLOVEN"****Vedtak i utval for forvaltning og økonomi (formannskapet) 12.09.06 sak 34/06 :**

Fusa kommune sluttar seg i hovudsak til forslag til endringane i vallova med følgjande merknadar:

1. Utsending av valkort må ikkje gjerast lovpålagt, men framleis vera ei frivillig sak slik at det enkelte valstyret kan avgjera om utsending er et nødvendig/føremålstenleg tiltak for sin kommune.
Dersom det likevel vert innført eit lovpålegg om utsending av valkort, må staten ha ansvar for dette, også ta kostnaden med trykking og utsending.
2. Fristen for å ha motteke førehandsrøyster bør ikkje flyttast til tysdag etter valet, men setjast til seinast innan kl 20.00 valdagen måndag som no.

Med helsing

Gunn Sissel Teigen
Kontorsjef

Vedlegg: 1. Saksutgreiing

Sakshandsamar: Gunn Sissel Teigen
Arkivsaksnr.: 06/00953

Arkiv: 010 &13
Offentleg

Saksnr.: Utval
0034/06 Utval for forvaltning og økonomi

Møtedato
12.09.2006

Sak 0034/06
HØYRING- FORSLAG OM ENDRINGER I VALLOVEN

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune sluttar seg i hovudsak til forslag til endringane i vallova med følgjande merknadar:

1. Utsending av valkort må ikkje gjerast lovpålagt , men framleis vera ei frivillig sak slik at det enkelte valstyret kan avgjera om utsending er et nødvendig/føremålstenleg tiltak for sin kommune.
Dersom det likevel vert innført eit lovpålegg om utsending av valkort, må staten ha ansvar for dette, også ta kostnaden med trykking og utsending.
2. Fristen for å ha motteke førehandsrøyster bør ikkje flyttast til tysdag etter valet, men setjast til seinast innan kl 20.00 valdagen måndag som no.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Utval for forvaltning og økonomi
Vedtaket vert sendt:
Kopi:

Saksdokument:
Vedlegg: Høyringsnotat med forslag til endringar i vallova.
Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar:

KRD har sendt ut eit høyringsnotat om endringar i vallova; sjå vedlegg.
Notatet kan også lastat ned fra www.krd.no

Forslaget inneheld ikkje dei store prinsipielle endringar, men meir praktiske tilpassingar; oppsummert slik i høyringsbrevet:

A. Det foreslås følgende lovendringer:

- 1. Kommunen v/valgstyret sørger for at det blir sendt ut valgkort til alle stemmeberettigede som er manntallsført i kommunen, og som har bostedsadresse innenriks (unntatt Svalbard og Jan Mayen).*
- 2. Forhåndsstemmeperioden skal avsluttes:
innenriks: Siste torsdag før valgdagen
utenriks: Fredag en uke før valgdagen*
- 3. Frist for å søke om å få avgi stemme ved ambulerende stemmemottaking må ikke settes senere enn siste torsdag før valgdagen*
- 4. Forhåndsstemmegivningene må være kommet inn til valgstyret innen kl. 20 første tirsdag etter valgdagen*
- 5. Velger som er ukjent for stemmemottaker, skal legitimere seg. Dersom velgeren ikke har legitimasjon, kan identiteten bekreftes av en annen person over 18 år som legitimerer seg.*
- 6. Foreløpig opptelling skal foretas ved manuell telling av stemmesedlene. Foreløpig opptelling av stemmesedlene kan likevel foregå ved et edb-teknisk system dersom det benyttes et annet system enn ved den endelige opptellingen.*
- 7. Kontrolltelling av stemmesedlene pga. avvik mellom foreløpig og endelig opptelling skal foregå manuelt.*
- 8. Foreløpig opptelling av stemmesedler avgitt på forhånd kan starte søndag før valgdagen.*

B. Andre temaer:

Departementet ønsker høringsinstansenes syn når det gjelder:

1. Skjæringsdatoen for manntallet:

Problemstilling: Kan skjæringsdatoen forskyves fra 31. mai til 30. juni i valgåret uten at dette vil gjøre det vanskelig å sende ut valgkort?

2. Valg og politiske meningsmålinger:

Problemstilling: Bør det innføres restriksjoner når det gjelder medienes adgang til å publisere meningsmålinger de siste dagene før valgdagen?

Vi ber om at høringsuttalelser er departementet i hende senest onsdag 20. september 2006.”

Vurdering:

Det er særleg to endringar som vil få merkbare konsekvensar for kommunane:

A 1

Kommunen v/valgstyret sørger for at det blir sendt ut valgkort til alle stemmeberettigede som er manntallsført i kommunen, og som har bostedsadresse innenriks.

Noverande ordning: Kommunen avgjer om det skal sendast ut valkort

Ordninga med valkort har vore nytta for å gjera det lettare for valfunksjonærane i høve til legitimasjon og godtgjering av at ein har røysterett. Dette er nok viktig i større lokalsamfunn med ordningar som gjer legitimasjon så enkel som råd t.d. ved bruk av valkort, på andre sida har ein ingen garanti for at den som legg fram eit valkort er rett person utan å leggja fram tilleggslegitimasjon. I mindre lokal samfunn er det forholdsvis få som treng å legitimera seg og behov for valkort er difor vesentleg redusert.

Kostnaden med valkort er ein større utgiftpost ved valet; ca. 25.000,- - 35.000,- kr. Dette blir ein tilleggskostnad som kommunen må dekkja sjølv. Noko anna er det om ein frå sentralt hald – departementet – sender ut valkort til alle som er røysteføre.

A 4

Forhåndsstemmegivningene må være kommet til valgstyret innen kl.20.00 første tirsdag etter valgdagen.

No må førehandsrøystene vera komne til valstyret innan kl. 20.00 måndag – dvs. valdagen.

Når det gjeld forlenging av fristen for førehandsrøystene med ein dag til tysdag kl. 20.00, for at røystene skal vera komne fram, bør ein primært halda på same frist som nå, måndag kl. 20.00. Når det no vert fremja forslag om å endra fristen for å avgje røyst til torsdag, bør det hjelpa mykje. Og ein bør i alle høve prøva dette ut først før ein gjer endring i høve til frist for når førehandsrøystene skal vera komne fram.

Verknaden med lengre frist er størst ved kommuneval. Sjølv i ein liten kommune som Fusa, kan vi oppleva at det er få røyster som skil kven som får sistemandatet i kommunestyret. Det er òg vanleg at det for fleire parti berre er nokre få røyster som skil mellom dei som kjem inn, det kan òg hende at listeplassering er avgjerande då dei to siste har like mange røyster.

Forslaget om å godkjenne førehandsrøyster heilt til tysdag kl. 20.00, betyr at korkje mandatfordelinga eller kandidatkåringa vil vera klar før langt ut på tysdag kveld. I dei mindre kommunane kan avhaldne og seint innkomne stemmer utgjera 5-10 % av alle røystene.

2. Forhåndsstemmeperioden skal avsluttes:

*innenriks: Siste torsdag før valgdagen . **Ved siste val: siste fredag før valdagen***

*utenriks: Fredag en uke før valgdagen . **Ved siste val: siste fredag før valdagen***

*3. Frist for å søke om å få avgi stemme ved ambulerende stemmemottaking må ikke settes senere enn siste torsdag før valgdagen **Ved siste val: siste fredag før valdagen***

Departementet ønsker høringsinstansenes syn når det gjelder:

B 1. Skjæringsdatoen for manntallet:

Problemstilling: Kan skjæringsdatoen forskyves fra 31. mai til 30. juni i valgåret uten at dette vil gjøre det vanskelig å sende ut valkort?

Det vil nok krevja noko meir fleksibilitet med omsyn til avvikling av ferie både hos manntalsleverandørane og i kommunane.

Oppsummering:

Administrasjonssjefen ser det slik at endringane av vallova er praktiske tillempingar. Endringane er gjort for at det skal vera så få praktiske hindringar som mogleg for å kunne delta i valet og at avgitte røyster skal kunne telja med i det endelege sluttoppgjæret.

Administrasjonssjefen har ingen vesentlege innvendingar mot endringane som er foreslått, men vil likevel tilrå at utsendinga av valkort anten blir gjort sentralt til alle som kan delta i kommunevalet hausten 2007 eller at valstyret i kvar kommune står fritt til å vurdere om det er nødvendig å senda ut valkort.

Ut frå dei erfaringane ein hadde med sist val ser ikkje administrasjonssjefen grunn til å forlenga fristen med førehandsrøytingane med ein dag, til tysdag kl. 20.00.